



HANDTERING AV HUSHALDSAVFALL

(Renovasjonsforskrift)

Forskrift gjeldande for følgjande kommunar

Bokn
Etne
Haugesund
Tysvær
Vindafjord

deltakarkommunar i
Haugaland Interkommunale Miljøverk

Februar 2009

Nynorsk utgåve

INNHALD

	Side
1.	HEIMEL OG VEDTAK..... 4
2.	INNLEIANDE OMTALE..... 5
§ 1.	Føremål 5
§ 2.	Virkeområde 5
§ 3.	Gebyrpliktig eigedom..... 5
§ 4.	Definisjonar 6
§ 5.	Tvungen renovasjon og slamtøming 7
§ 6.	Kommunale rettar 7
3.	PLIKTER VED INNSAMLING 8
§ 7.	Kommunen sine plikter 8
§ 8.	Abonnten sine plikter 8
§ 9.	Brukaren sine plikter 8
4.	FELLES REGLAR VED INNSAMLING..... 9
§ 10.	Innkjøp og bruk av oppsamlingseiningar 9
§ 11.	Plassering og tøming 9
§ 12.	Avfall som vert samla inn særskilt..... 11
§ 13.	Avfall utanom ordinær ordning..... 11
5.	INNSAMLING AV SLAM 12
§ 14.	Kommunen sine plikter 12
§ 15.	Abonnten sine plikter 12
6.	GEBYR 13
§ 16.	Fastsetjing og betaling av gebyr 13
§ 17.	Utrekning av gebyr 13
§ 18.	Innkrevjing og renter 13
7.	REGLAR FOR AVVIK..... 14
§ 19.	Klage..... 14
§ 20.	Sanksjonar..... 14
§ 21.	Delegering..... 14
§ 22.	Iverksetjing 14

1. HEIMEL OG VEDTAK

Generelt

Denne forskrifta er fastsett med heimel i kap 5 og § 83 i forureiningslova (frl.), og er vedteken av kommunestyret i:

- *Bokn* 10.2.2009
- *Etne* 23.9.2008
- *Haugesund* 09.12.2008
- *Tysvær* 23.9.2008
- *Vindafjord* 15.9.2008

Forskrifta gjeld frå vedtaksdato. Dei nemte kommunane utgjer virkeområdet til Haugaland Interkommunale Miljøverk (HIM-området).

2. INNLEIANDE OMTALE

§ 1. Føremål

Forskrifta skal sikra ei miljømessig og økonomisk forsvarleg oppsamling, innsamling, transport og sluttbehandling av hushaldsavfall i kommunen. Det same gjeld for slam frå private og kommunale slamavskiljarar, tette tankar m.v. Forskrifta skal også sikra dekning av kostnader gjennom fastsetjing og betaling av gebyr.

§ 2. Virkeområde

Denne forskrifta gjeld for kommunane Bokn, Etne, Haugesund, Tysvær og Vindafjord.

Forskrifta gjeld alle som produserer hushaldsavfall, herunder større gjenstandar som inventar og liknande. Den gjeld og for alle som er tilknytt privat slamavskiljar. Forskrifta skal omfatta alle registrerte grunneigedommar i HIM-området som er gebyrpliktig etter § 3.

Forskrifta omfattar all handtering av hushaldsavfall og slam.

§ 3. Gebyrpliktig eigedom

Alle bustader som produserer hushaldsavfall, er gebyrpliktige etter denne forskrifta. Hushaldsavfall er definert i § 4. Gebyrplikta gjeld og eigedommar med privat slamavskiljar.

Med bustad meiner ein i denne forskrifta sjølvstendig brukareining som gir høve til kvile og matstell innafor brukareining. Døme på sjølvstendig brukareining er:

- a. Hus, husvære, hytte eller hybel som er permanent oppsett og brukt i samsvar med plan – og bygningslova. Der fleire hyblar deler felles kjøkken, reknast to hyblar som ei brukareining.
- b. Institusjonsprega bustader med eige- eller felles kjøkken.
- c. Utleiehytte, hyttekompleks og fritidseigedom.
- d. Midlertidige eller transportable bygningar (campingvogn) med godkjent plassering av kommunen etter plan- og bygningslova.

HIM avgjer i tvilstilfelle kva som skal reknast som sjølvstendig brukareining og kan gi nærare retningsliner for gjennomføring av avgjerd etter forskrifta.

HIM fastset og kva leveringsvolum ein abonnent kan ha pr abonnementseining. Leveringsvolumet kan vera forskjellig for

ulike ordningar og kan også bli endra som eit ledd i utviklinga av systemet for kjeldesortering.

Det kan søkjast om alternativ løysing til hovudløysinga for abonnentar som ikkje kan gjera seg nytte av fastsett ordning.

§ 4. Definisjonar

Abonment er eigar eller festar av grunneigedom eller seksjonert del av slik eigedom med bustad som er omfatta av §3 i denne forskrifta. Abonment omfattar også eigar av eigedom som er pålagt å samla opp slam i eigen slamavskiljar, jf §5.

Abonnement er registrering av brukareiningar som er gebyrpliktig med informasjon om grunnlaget for utrekning av gebyr.

Avfall er kasserte lausøyregjenstander eller stoff. Som avfall vert og rekna lausøyregjenstander som er til overs og stoff frå tjenesteyting, produksjon og renseanlegg m.v.

Farleg avfall er avfall som ikkje kan handterast saman med hushaldsavfall fordi det kan medføra alvorleg forureining eller fare for skade på menneske eller dyr

Hentestad er der abonnenten plasserer behaldar eller anna oppsamlingseining for tøming eller henting.

HIM Haugaland Interkommunale Miljøverk.

Hushaldsavfall er avfall frå private hushald, herunder større gjenstandar som inventar og liknande.

Kjeldesortering er at abonment eller kunde sorterer visse typar avfall heime, og legg desse i eigne oppsamlingseiningar.

Oppsamlingseining kan vera behaldar, trilledunk, sekk, stativ eller anna utstyr som er godkjent for bruk ved innsamling.

Oppstillingsplass er der abonnenten har behaldar eller anna innsamlingseining ståande for dagleg bruk.

Næringsavfall er avfall frå offentlege og private verksemder og institusjonar.

Risikoavfall er smittefarleg, skjerande eller stikkande avfall frå lækjarkontor ol. som skal haldast fråskilt frå anna avfall.

Renovatør er selskap eller person som samlar inn og transporterer avfall.

Restavfall er det avfallet som blir att etter utsortering til gjenbruk, materialgjenvinning og farleg avfall.

Slam er den faste massen i sanitært avløpsvatn frå private eller offentlege avløpsanlegg.

Slamavskiljar er oppsamlingstank for slam frå sanitært avløpsvatn.

Våtorganisk avfall omfattar alle slag matavfall samt hageavfall som lauv, gras, blomster og liknande.

§ 5. Tvungen renovasjon og slamtøming

I HIM-området gjeld tvungen renovasjon for alle eigedomar som kjem inn under definisjonen av gebyrplikt i §3 i denne forskrifta. Alt avfall skal leverast til godkjent mottak, og ingen må tøma, etterlata, oppbevare eller transportera avfall slik at det kan virka skjemmande eller væra til skade eller ulempe for miljøet.

Tvungen slamtøming gjeld for alle eigedomar som er tilknytt slamavskiljar eller tett tank for sanitært avløpsvatn.

§ 6. Kommunale rettar

Kommunen har eigarrett til hushaldsavfall for det området som denne forskrifta gjeld. Kommunen har overført rettane sine til HIM, og bestemt at dei skal ha einerett til å samla inn, handtera og disponera hushaldsavfall og slam.

3. PLIKTER VED INNSAMLING

§ 7. Kommunen sine plikter

Kommunen pliktar å sørge for innsamling av hushaldsavfall. Kommunen har gitt HIM i oppgåve å organisera innsamlinga og bestemma kva for oppsamlingseiningar abonenten skal bruka.

Hushaldsavfall skal hentast med faste intervall som HIM bestemmer. Dette kan fråvikast i situasjonar med streik, forse majeure, ved rørlige heilagdagane og ekstraordinære tilhøve.

HIM ved renovatøren er pliktig å ta med avfall som er lagt i godkjend oppsamlingseining. Endringar i henteintervalla skal det informerast om i lokalpresse eller på annan tilfredsstillande måte.

§ 8. Abonenten sine plikter

Abonenten er ansvarleg part etter denne forskrifta, og pliktar å fylgja dei vedtak, avgjersler og tilvisningar som vert gjort. Endringar i abonnementet skal straks meldast til kommunen eller miljøverket. Tilsvarende gjeld og dersom ein ikkje er registrert som abonnent.

Abonenten er ansvarleg for at plassering og bruk av behaldar/stativ er i samsvar med denne forskrifta. Han pliktar å sortera ut dei ulike avfallsfraksjonane etter det sorteringssystemet som til ei kvar tid gjeld, og berre bruka godkjent oppsamlingseining.

Abonenten pliktar å sikra avfallet forsvarleg eller på føreskriven måte før det vert lagt i oppsamlingseininga. Småavfall skal alltid vera godt innpakka.

Avfall som ikkje er omfatta av den kommunale henteordninga skal abonenten sjølv bringa til godkjent mottak.

Avfall levert til henteordning eller mottak, kan bli manuelt sortert / - kontrollert av HIM. Abonenten er sjølv ansvarleg for at avfall han vil halda konfidensielt vert makulert.

§ 9. Brukaren sine plikter

Dersom brukar av renovasjonsordninga og abonnent ikkje er same juridiske person, er brukaren sine plikter dei same som abonenten, med unntak av det økonomiske tilhøvet til kommunen.

4. FELLES REGLAR VED INNSAMLING

§ 10. Innkjøp og bruk av oppsamlingseiningar

Innkjøp.

Det skal berre nyttast utstyr som er godkjent eller kjøpt inn og delt ut av miljøverket. HIM har rett til å merka utstyr som er levert ut til abonnenten. Utdelte oppsamlingseiningar er miljøverket sin eigedom.

Ved bruk av forskjellige oppsamlingseiningar gjeld følgjande:

Trilledunkar

Dunkane skal følgja den enkelte eigedom og skal ikkje flyttast ved skifte av eigar. Abonnenten er på alle måtar ansvarleg for dunken, og vert også gjort økonomisk ansvarleg ved skade eller tap utover normal slitasje. HIM avgjer når ein trilledunk skal skiftast ut på grunn av slitasje m.v.

Trilledunkane skal fyllast slik at lokket alltid kan lukkast tett til, og avfallet lett kan tømast ut ved henting. Vinterstid er brukaren ansvarleg for at avfallet kan tømast og ikkje er frose fast.

Abonnenten er ansvarleg for reinhald av trilledunkar og oppstillingsplass

Ekstrasekk

Abonnenten kan bruka ekstrasekk frå HIM som han kjøper sjølv. Berre godkjent og merka sekk blir samla inn.

Plikt ved bruk av sekk

Der sekken ikkje kan hentast frå stativ, skal den knytast føre og bringast til vegen der innsamlingsruta går. Skarpe eller knuselege ting skal vera forsvarleg innpakka og sekken skal ikkje vega meir enn 15 kg. Feil eller manglar ved utdeling av sekker skal straks meldast til HIM.

Konteinar

For visse abonnentgrupper kan HIM bestemma at det skal brukast godkjent konteinar.

§ 11. Plassering og tøming

Hovudregel

Behaldar eller stativ skal plasserast slik at dei ikkje medfører ulempe, skade eller fare for nabo eller omgivnad.

Hovudregelen er at behaldar eller sekk skal setjast heilt fram til vegkanten på tømmedagen. Ved henting direkte på oppstillingsplassen skal avstanden frå der renovasjons-bilen kan stoppa til oppsamlingseiningane ikkje vera meir enn 5 m.

Under spesielle forhold som til dømes av omsyn til innsamlingsutstyret, kan HIM krevja at oppsamlingseiningane vert sett heilt fram til vegen der renovasjonsbilen kjøre og maks 2 m frå vegkant.

Ved hentestaden skal dunkane vera lett tilgjengelege, stå på eit plant og fast underlag og ikkje på nokon måte utgjera risiko for renovatøren.

Dunken skal stå slik at den kan trillast fram til renovasjonsbilen, og slik at renovatøren ikkje blir hindra av trapp, port/gjerde, snø, vatn eller andre sperringar mellom trilledunken og renovasjonsbilen. I periodar med snø og is kan det vera naudsynt med særskilt tiltak og plassering.

På tømedagen skal trilledunk/sekk vera sett fram seinast kl. 07.00 for å ha krav på tøming. Abonnten skal sjølv bringa dunkane tilbake til oppstillingsplassen same dag dei er tømt.

Felles løysingar

For visse abonnentgrupper eller eit nærare fastlagt geografisk område kan HIM bestemma at fleire abonnentar eller abonnementeiningar skal bruka fellesbeholdarar-/konteinarar eller ha felles samlestad ved tøming. Dette kan m. a. gjelda abonnentar som bur i burettslag, annan tett busetnad eller slik til at fellesløysingar er å føretrekkja.

Vegkrav ved tøming

Vegstandarden der renovasjonsbilen kjøre skal til ei kvar tid vera god nok for slik kjøring og ikkje vera farleg å kjøra for renovatørane.

Hekkar og tre langs vegen må klippast slik at dei ikkje hindrar eller skadar renovasjonsbilane eller renovatørane. Bilar eller andre hindringar må ikkje plasserast i vegbanen på tømedagen. Dersom hindringar i vegen gjer at renovasjonsbilen ikkje kjem fram, kan dette medføra at avfallet ikkje vert henta før neste tømerunde i området.

Om vinteren må vegen vera brøyta og om nødvendig strødd. HIM godkjenner køyreveg for renovasjonsbilen samt andre krav etter dette punktet.

§ 12. Avfall som vert samla inn særskilt

Farleg avfall

Farleg avfall skal leverast til miljøverket sine bemanna stasjonar eller direkte til miljøbilen. Forskjellege typar farleg avfall skal haldast for seg og ikkje blandast eller leverast innblanda i vanleg avfall.

Næringsavfall

Næringsavfall er ikkje omfatta av den interkommunale renovasjonsordninga. Det skal likevel bringast til lovleg avfallsanlegg med mindre det vert gjenvunne eller brukt på annan måte. Gjennom eigen avtale kan og næringsavfall hentast og handsamast av HIM.

§ 13. Avfall utanom ordinær ordning

Avfall som ikkje skal leggjast i trilledunken eller sekken: Flytande avfall, dyrekadaver, varm oske, farleg avfall, eksplosive-, sjølvtennande- eller etsande stoff, tungt avfall som stein, jord, sand, trekubbar, bygningsavfall, store metallting m.v. eller anna som gjer handtering og tøming vanskeleg.

5. INNSAMLING AV SLAM

§ 14. Kommunen sine plikter

Kommunen pliktar å tømme slam frå private slamavskiljarar og tette tankar for sanitært avlaupsvatn frå fastbuande og hytter med dei intervalla som går fram av utsleppsløyvet. Kommunen har gitt HIM i oppgåve å organisera denne slamtøminga.

Etter avtale kan HIM og tømme slam frå andre og større anlegg i kommunal eller privat eige. Tøminga skal vera i samsvar med utsleppsløyvet og leverast til godkjent mottak.

Ekstratøming kan tingast og vert fakturert særskilt som tillegg til ordinært gebyr.

HIM ved renovatøren har rett til å plassera det utstyret som trengs for tøminga på eigedommen. Etter oppsamling skal renovatøren leggja lok attende på slamavskiljaren, lukka portar og gjera bruk av sikringsordningar som er etablert ved avskiljaren.

§ 15. Abonnten sine plikter

Abonnten skal syta for at anlegg som skal tømast er lett tilgjengelege for slamsugebil eller det utstyret ein til ei kvar tid disponerer. Abonnten må sjølv laga vegvisar, merka og grava fram alle lok som ikkje er fora opp i dagen og evt. fjerna snø, is o. l. frå loka i god tid før tøming finn stad. Kommunen kan krevja at lokka skal vera synlege slik at dei vert lette å finna og løfta av.

Dersom renovatøren ikkje finn avskiljaren/tanken, vert tøminga rekna som utført og abonnten må betala gebyret. I slike høve kan kommunen påleggja tøming som då vert rekna som ekstra tøming.

Dersom brukar av slamordninga og abonnent ikkje er same juridiske person, er brukaren sine plikter dei same som abonnten, med unntak av det økonomiske tilhøvet til kommunen.

6. GEBYR

§ 16. Fastsetjing og betaling av gebyr

Abonnementen pliktar å betala gebyr for gjeldande avfalls- og slamordning.

HIM utarbeider forslag til felles grunnlagsmateriale som utgangspunkt for gebyra. Gebyrregulativet for abonnentane i kvar enkelt kommune blir fastsett av kommunestyret. Når gebyra vert gjort like i samsvar med § 3.2 i vedtekta, skal HIM utarbeida forslag til likt gebyrregulativ.

Abonnementen betaler gebyr for kvart abonnement. Ved registrering av nytt abonnement, eller ved endring av eksisterande, vert nytt gebyr rekna frå den første i månaden etter at endringa er meldt. Tilsvarande vert gebyret rekna fram til den siste dagen i månaden der gebyrplikta vert avslutta.

Det kan fastsetjast særskilt gebyr for tenester ut over hovudordninga, som til dømes tillegg for ekstraordinær henting av avfall og slam. Det kan og krevjast betaling for levering av avfall til miljøpark eller andre mottaksanlegg for avfall.

Slamgebyret vert fastsett ut frå storleiken på tanken. Det skal minimum betalast for den storleiken avskiljaren skulle hatt dersom den var rett dimensjonert etter gjeldande krav. For felles slamavskiljarar som kommunen kan godkjenna, men som ikkje tilfredsstillar krava til storleik, skal kvar tilkopla eining betala gebyr tilsvarande minimumsgebyret for eininga.

Årlege avfalls- og slamgebyr skal fastsetjast slik at dei dekkjer alle kostnader ved handtering av hushaldsavfall og slam.

§ 17. Utrekning av gebyr

Gebyra skal spesifiserast og reknast ut på grunnlag av gjeldande retningsliner frå sentralt hald (Statens forureiningstilsyn).

§ 18. Innkrevjing og renter

Kommunen eller miljøverket fakturerer og krev inn gebyra frå abonnentene. Ved for sein betaling får abonnentane krav om rente. Skuldig gebyr med renter og kostnader er sikra med lovbestemt pant etter pantelova §6.1. For renteplikt ved for sein innbetaling og inndrivning av avfallsgebyr gjeld reglane i lov av 6. juni 1975 nr. 29 om eigedomsskatt til kommunane §§ 26 og 27 tilsvarande.

7. REGLAR FOR AVVIK

§ 19. Klage

Enkeltvedtak heimla i denne forskrifta kan påklagast, jf. forureiningslova § 85. Klagen skal sendast det forvaltningsorganet som har gjort vedtaket. Klagen skal handsamast etter forvaltningslova sitt regelverk av det organet som har gjort vedtaket. Klageinstans blir oppgitt i vedtaket.

§ 20. Sanksjonar

Brot på reglar etter denne forskrifta kan føra til krav om retting eller pålegg om utbetring i samsvar med vedtak i kommunen eller den som er delegert slikt mynde. Ved brot på plikt og reglar ved innsamlinga vil HIM si plikt til å ta med avfallet på den ordinære ruta falla bort.

Den som bryt forskrifta kan heilt eller delvis bli pålagt å bera kostnadene for å retta eller utbetra det påtalte forholdet.

Pålegg om opprydding i avfall eller betaling ved opprydding vert handsama i samsvar med § 37 i forureiningslova.

Brot på renovasjonsforskrifta kan utover dette bli straffa med bøter etter forureiningslova § 79, andre ledd.

§ 21. Delegering

Kommunalt mynde for gjennomføring av renovasjonsordninga etter forureiningslova og denne forskrifta er delegert til HIM så langt lova tillet, jf. frl. § 83.

Unntatt frå delegasjonen er §1 Føremål, §2 Virkeområde, §5 Tvungen renovasjon og slamtøming, §6 Kommunale rettar og §21 Delegering.

§ 22. Iverksetjing

Denne forskrifta trer i kraft etter kommunalt vedtak og kungjering. Frå same tid blir tidlegare renovasjons-/avfallsforskrift for forbruksavfall oppeva.

----- Slutt -----